


3.13 Grovabreen

Topografi og landskapsformer


Figur 3.13.1 syner eit topografisk kart over Grovabreen og områda rundt. Grovabreen er ein platåbreen (høgaste punktet ligg om lag 1630 moh.) og breen dekkjer eit området på om lag 20 km². Breen er dermed den 21. største i Noreg. Rundt breen er det fleire mindre utløpsbrear.



Figur 3.13.1 Topografisk kart over Grovabreen og områda rundt. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.

Lausmassekart og jordartfordeling

Figur 3.13.2 syner eit lausmassekart over Grovabreen og områda rundt. Rundt Grovabreen er det til dels større, samanhengane område med morenemateriale og det er talrike moreneryggar frå ‘den vesle istida’ som på ein svært instruktiv måte syner Grovabreen si tidlegare utbreiing. Under fjellskrentar og bratte dalparti er det avsett skredmateriale, spesielt langs Kjøsnesfjorden i nordaust.



Figur 3.13.2 Lausmassekart over Grovabreen og områda rundt.

Verdivurdering

Dei talrike moreneryggane frå ‘den vesle istida’ rundt Grovabreen syner på ein svært instruktiv måte breen si tidlegare utbreiing. Desse moreneryggane er av stor vitskapleg verdi og bør ikkje gjerast inngrep i.